



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer:	915 050 514
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	TUSSA INSTALLASJON AS
Forretningsadresse:	Indrehovdevegen 67 6160 HOVDEBYGDA

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2023 - 31.12.2023
-------------------------	-------------------------

### Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Elling Andreas Dybdal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	10.06.2024

### Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 08.07.2025



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekt	3, 4	189 814 872	176 946 179
Anna driftsinntekt		11 000	5 250
<b>Sum inntekter</b>		<b>189 825 872</b>	<b>176 951 429</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad	3	58 659 059	60 575 820
Lønskostnad	5, 6	87 515 069	83 165 322
Avskrivning	7, 8	4 931 267	3 487 688
Nedskrivning av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	7, 8		
Annan driftskostnad	4, 5, 9	23 216 257	17 522 434
<b>Sum kostnader</b>		<b>174 321 652</b>	<b>164 751 264</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>15 504 220</b>	<b>12 200 165</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Renteinntekt frå føretak i same konsern		5 438	4 424
Anna finansinntekt	10	139 459	38 393
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>144 897</b>	<b>42 817</b>
Rentekostnad til føretak i same konsern		1 798 422	1 281 137
Annan finanskostnad	10	5 819	3 053
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>1 804 241</b>	<b>1 284 189</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-1 659 343</b>	<b>-1 241 372</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>13 844 877</b>	<b>10 958 793</b>
Skattekostnad	11	5 391 918	2 224 534
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>8 452 959</b>	<b>8 734 259</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>8 452 959</b>	<b>8 734 259</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>8 452 959</b>	<b>8 734 259</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>8 452 959</b>	<b>8 734 259</b>



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Avsett til annan eigenkapital		8 452 959	8 734 259
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>	12	<b>8 452 959</b>	<b>8 734 259</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Programvarelisensar	7		
Utsett skattefordel	11		204 252
Goodwill	7	13 576 068	7 391 491
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>13 576 068</b>	<b>7 595 743</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	8	26 023 396	9 928 494
Anlegg under arbeid	8	746 655	16 245 965
Driftsløssøre, inventar o.a. utstyr	8	11 798 102	11 165 359
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>38 568 153</b>	<b>37 339 818</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	13	3 413 201	16 823 594
Lån til føretak i same konsern	14		
Investeringar i aksjar og partar		1 023 298	2 500
Andre langsiktige krav		131 734	
Pensjonsmidlar	6	420 292	237 754
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>4 988 525</b>	<b>17 063 848</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>57 132 746</b>	<b>61 999 409</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Sum varer</b>	3	<b>9 353 460</b>	<b>6 704 945</b>
<b>Krav</b>			
Kundekrav	9, 14, 15, 16	34 858 413	31 820 316
Opptent, ikkje fakturert inntekt	3	22 483 442	12 226 808
Fordring på føretak i same konsern	14, 17		
Andre kortsiktige krav		3 164 133	3 945 397
<b>Sum krav</b>		<b>60 505 988</b>	<b>47 992 521</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	15, 17	3 078 370	2 684 965
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>3 078 370</b>	<b>2 684 965</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>72 937 818</b>	<b>57 382 431</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>130 070 564</b>	<b>119 381 840</b>

## BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

### Eigenkapital

#### Innskoten eigenkapital

Aksjekapital	18	640 000	640 000
Overkurs		1 512 000	1 512 000
Annan innskoten eigenkapital		8 096 050	8 096 050
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>10 248 050</b>	<b>10 248 050</b>

#### Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital		32 308 593	23 897 368
Udisponert resultat			
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>32 308 593</b>	<b>23 897 368</b>

<b>Sum eigenkapital</b>	12	<b>42 556 643</b>	<b>34 145 418</b>
-------------------------	----	-------------------	-------------------

### Gjeld

#### Langsiktig gjeld

Pensjonsplikter	6	306 325	237 470
Utsett skatt	11	2 002 754	
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>2 309 079</b>	<b>237 470</b>

#### Anna langsiktig gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar	14		
Gjeld til føretak i same konsern	19	40 087 908	20 057 904
Øvrig langsiktig gjeld	19	1 145 089	1 975 322
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>41 232 997</b>	<b>22 033 225</b>

<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>43 542 076</b>	<b>22 270 695</b>
-----------------------------	--	-------------------	-------------------



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	14	5 111 540	12 342 047
Betalbar skatt	11	2 886 586	2 614 166
Skyldige offentlige avgifter		13 878 335	12 314 091
Gjeld til føretak i same konsern	14	2 550 929	14 769 616
Anna kortsiktig gjeld	3, 14	19 544 455	20 925 808
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>14, 16</b>	<b>43 971 845</b>	<b>62 965 727</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>87 513 922</b>	<b>85 236 423</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>130 070 564</b>	<b>119 381 840</b>



# Årsrekneskap 2023 Tussa Installasjon AS

Årsmelding  
Resultatrekneskap  
Balanse  
Kontantstrøm  
Notar



Org.nr.: 915 050 514



## ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2023

### VERKSEMD OG LOKALISERING

Tussa Installasjon AS (TIN) er eit dotterselskap i Tussakonsernet, heileigd av morselskapet Tussa Kraft AS. TIN er ein elektroentreprenør som tilbyr tenester innan installasjon, automasjon, tele/data og bygging av maritime styresystem. Selskapet er lokalisert med avdelingar i Ørsta, Ulstein, Herøy og Stryn kommunar.

Forretningsadresse er Indrehovdevegen 67, 6160 Hovdebygda.

### VIDARE DRIFT

I samsvar med rekneskapslova § 3-3a stadfestar styret at føresetnaden om vidare drift er til stades, og at denne føresetnaden vart lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

### STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Det er god aktivitet i marknaden og tilfredsstillande tilgang på oppdrag. Selskapet vil framleis ha fokus på produktivitet og effektiv gjennomføring av prosjekt for å styrke konkurransekrafta. I tillegg vil selskapet utvikle nye forretningsområde, og vurdere engasjement i nye geografiske områder.

### NÆRARE OPPLYSNINGAR OM ÅRSREKNESKAPEN

Etter styret si oppfatning gjev den framlagde resultatrekneskapen og balansen eit rettvisst bilete av verksemda si økonomiske drift og stilling ved årsskiftet. Det vil likevel alltid vere ei viss usikkerheit knytt til vurdering av prosjekt under arbeid.

Omsetninga i TIN auka frå 177,0 mill. kr i 2022 til 189,8 mill. kr i 2023. Driftsresultatet er på 15,5 mill. kr, og er 3,3 mill. kr høgare enn i 2022. Resultat før skatt vart 13,8 mill. kr, og årsresultatet etter skatt er 8,5 mill. kr.

Auka omsetning kjem i hovudsak av fusjonen med Stryn Elektro AS, samstundes som vi har klart å oppretthalde god aktivitet på alle lokasjonar. Det låge sjukefråværet bidreg også positivt.

Dei samla investeringane i varige driftsmiddel i TIN i 2023 var 3,9 mill. kr.

Totalkapitalen ved utgangen av 2023 var 130,1 mill. kr, samanlikna med 119,4 mill. kr i 2022. Eigenkapitaldelen pr. 31.12.2023 er 32,7 % samanlikna med 28,6 % pr. 31.12.2022.

### KONTANTSTRAUM

TIN hadde ein negativ kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar på 4,5 mill.kr., som er 5,6 lågare enn 2022. Hovudårsaka er at leverandørgjelda er betydeleg redusert frå samme periode i fjor, samstundes som det var auke i både kundefordringar og opptent inntekt.

Utbetalingar knytt til investeringsaktivitetane var 2,0 mill. kr., medan finansieringsaktivitetane har ein positiv kontantstraum på 4,8 mill. kr.

Saman med bankinnskott ved fusjonen med Stryn Elektro AS vart totalen ei netto endring i kontantar og kontantekvivalentar på 0,4 mill. kr.

### FINANSIELL RISIKO

Drifta av selskapet omfattar ei rekkje prosjekt. Det er stor variasjon i prosjekta når det gjeld kompleksitet, storleik, lengd og risiko. Prosjektsamansetninga påverkar risikobiletet i verksemda.

Aktivitetane i selskapet fører til ulike typar finansiell risiko: marknadsrisiko (inkludert valuta, rente- og prisrisiko), kredittisiko og likviditetsrisiko. Selskapet er lite følsamt for endringar i valuta, har sterke kontantstraumar, relativt låg renteesponering og lite tap på kundefordringar.

For nærare omtale vert det vist til note 16 til rekneskapen.

### ARBEIDSMILJØ, LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

Arbeidsmiljøet er vurdert som godt. Det vert gjennomført årlege arbeidsmiljøundersøkingar i selskapet, for



å overvake arbeidsmiljøet og sette inn tiltak tidleg når det er behov. Medan det dei siste åra har vore ei positiv utvikling i desse målingane, visste resultatet for 2023 ein nedgang i høve til førre måling. Totalt sjukefråvær siste år var 3,1 %, mot 4,6 % i 2022. Det har vore 1 uhell som har medført totalt 1 fráværersdag i 2023. Det vert jobba systematisk for å unngå denne type hendingar.

Tussa Installasjon AS har som mål å vere ein arbeidsplass der det rår full likestilling mellom kvinner og menn, og har innarbeidd ein personalpolitikk som tek sikte på at det ikkje vert forskjellsbehandling på grunn av kjønn.

Av selskapet sine 105 tilsette og 22 lærlingar er 8 kvinner. Styret i selskapet er samansett av 1 mann og 2 kvinner som er aksjonærvalde og 2 menn som representerer dei tilsette.

Selskapet arbeider for å forhindre diskriminering som følgje av nedsett funksjonsevne, etnisitet, nasjonalt opphav, hudfarge, religion eller livssyn. Aktivitetane omfattar blant anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, stillingsopprykk, utviklingsmoglegheiter og vern mot trakassering.

Det vert elles vist til samla utgreiing, spesifisert per selskap, som er tilgjengeleg i Tussa konsernet sin årsrapport som ein finn på [www.tussa.no](http://www.tussa.no).

#### **UTGREIING OM AKTSEMDVURDERING ETTER OPENHEITSLOVA**

For utgreiing om Tussa-konsernet si aktsemdvurdering vert det vist til [www.tussa.no](http://www.tussa.no). Aktsemdvurderinga vil bli publisert innan 30.06.2024.

#### **MILJØRAPPORTERING**

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø i særleg grad. Verksemda deler konsernet sin visjon om framtidsetta og miljøvenlege løysingar. Det gjeld både produkt og løysingar vi leverer til våre kundar og internt når det gjeld frakt/bilbruk, energibruk, avfallshandtering o.a. Målet er å redusere verksemda si belastning av det ytre miljø og fremje berekraft i samfunnet. Verksemda er ikkje regulert av konsesjonar eller pålegg av miljømessig karakter. Tussakonsernet fekk si ISO 14001-sertifisering i februar 2023.

#### **FORSKNINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR**

Selskapet har i 2023 starta eit Skattefunnprosjekt, der målet er å lage eit miljøvennleg produkt som kan gjere montering av solcellepanel både enklare og billigare enn med dagens løysingar.

#### **STYREANSVARSFORSIKRING**

Det er teikna styreansvarsforsikring med forsikringssum kr. 10.000.000,- pr. forsikringstilfelle og totalt i løpet av forsikringsperioden. Det er ingen eigenandel. Tidlegare, noverande eller framtidige styremedlemar, dagleg leiar og medlem av leiinga eller tilsvarande styreorgan i selskapet er å sjå på som sikra.



## RESULTATDISPONERING

Styret sitt framlegg til disponering av årsresultatet er:

Disponering	Beløp
Årsresultat	8,5 mill. kr
Endring egenkapital	8,5 mill. kr

Ørsta, 18.03.2024  
Styret i Tussa Installasjon AS

---

Olav Osvoll  
Styreleiar

---

Anne Berit Madsen  
Styremedlem

---

Nina Melle Scharning  
Styremedlem

---

Oddbjørn Nordang  
Styremedlem

---

Kristian Woldseth  
Styremedlem

---

Roar Stenersen  
Dagleg leiar



## RESULTATREKNESKAP

### TUSSA INSTALLASJON AS

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2023	2022
Salsinntekt	3, 4	189 814 872	176 946 179
Anna driftsinntekt		11 000	5 250
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>189 825 872</b>	<b>176 951 429</b>
Varekostnad	3	58 659 059	60 575 820
Lønskostnad	5, 6	87 515 069	83 165 322
Avskrivning	7, 8	4 931 267	3 487 688
Annan driftskostnad	4, 5, 9	23 216 257	17 522 434
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>174 321 652</b>	<b>164 751 264</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>15 504 220</b>	<b>12 200 165</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Renteinntekt fra føretak i same konsern		5 438	4 424
Anna finansinntekt	10	139 459	38 393
Rentekostnad til føretak i same konsern		1 798 422	1 281 137
Annan finanskostnad	10	5 819	3 053
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>-1 659 343</b>	<b>-1 241 372</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>13 844 877</b>	<b>10 958 793</b>
Skattekostnad	11	5 391 918	2 224 534
<b>Årsresultat</b>		<b>8 452 959</b>	<b>8 734 259</b>
<b>OVERFØRING</b>			
Avsett til annen egenkapital		8 452 959	8 734 259
<b>Sum overføringer</b>	12	<b>8 452 959</b>	<b>8 734 259</b>



### BALANSE

#### TUSSA INSTALLASJON AS

EIGEDELAR	Note	2023	2022
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>			
<b>IMMATERIELLE EIGEDELER</b>			
Utsett skattefordel	11	0	204 252
Goodwill	7	13 576 068	7 391 491
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>13 576 068</b>	<b>7 595 743</b>
<b>VARIGE DRIFTSMIDDEL</b>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	8	26 023 396	9 928 494
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	8	11 798 102	11 165 359
Anlegg under arbeid	8	746 655	16 245 965
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>38 568 153</b>	<b>37 339 818</b>
<b>FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL</b>			
Investeringar i dotterselskap	13	3 413 201	16 823 594
Investeringar i aksjar og partar		1 023 298	2 500
Andre langsiktige krav		131 734	0
Pensjonsmidlar	6	420 292	237 754
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>4 988 525</b>	<b>17 063 848</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>57 132 746</b>	<b>61 999 409</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>			
Varer	3	9 353 460	6 704 945
<b>KRAV</b>			
Kundekrav	9, 14, 15, 16	34 858 413	31 820 316
Opptent, ikkje fakturert inntekt	3	22 483 442	12 226 808
Andre kortsiktige krav		3 164 133	3 945 397
<b>Sum krav</b>		<b>60 505 988</b>	<b>47 992 521</b>
Bankinnskot, kontantar og liknande	15, 17	3 078 370	2 684 965
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>72 937 818</b>	<b>57 382 431</b>
<b>Sum egedelar</b>		<b>130 070 564</b>	<b>119 381 840</b>



## BALANSE

### TUSSA INSTALLASJON AS

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2023	2022
<b>INNSKOTEN EIGENKAPITAL</b>			
Aksjekapital	18	640 000	640 000
Overkurs		1 512 000	1 512 000
Annan innskoten egenkapital		8 096 050	8 096 050
<b>Sum innskoten egenkapital</b>		<b>10 248 050</b>	<b>10 248 050</b>
<b>OPPTENT EIGENKAPITAL</b>			
Annan egenkapital		32 308 593	23 897 368
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>32 308 593</b>	<b>23 897 368</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>12</b>	<b>42 556 643</b>	<b>34 145 418</b>
<b>GJELD</b>			
<b>AVSETJING TIL PLIKTER</b>			
Pensjonsplikter	6	306 325	237 470
Utsett skatt	11	2 002 754	0
<b>ØVRIG LANGSIKTIG GJELD</b>			
Gjeld til føretak i same konsern	19	40 087 908	20 057 904
Øvrig langsiktig gjeld	19	1 145 089	1 975 322
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>41 232 997</b>	<b>22 033 225</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld	14	5 111 540	12 342 047
Betalbar skatt	11	2 886 586	2 614 166
Skyldige offentlige avgifter		13 878 335	12 314 091
Gjeld til føretak i same konsern	14	2 550 929	14 769 616
Anna kortsiktig gjeld	3, 14	19 544 455	20 925 808
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>14, 16</b>	<b>43 971 845</b>	<b>62 965 727</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>87 513 922</b>	<b>85 236 423</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>130 070 564</b>	<b>119 381 840</b>



## BALANSE

TUSSA INSTALLASJON AS

Ørsta, 18.03.2024

Styret i Tussa Installasjon AS

Olav Osvoll  
Styreleiar

Anne Berit Madsen  
Styremedlem

Nina Melle Scharning  
Styremedlem

Oddbjørn Nordang  
Styremedlem

Kristian Woldseth  
Styremedlem

Roar Stenersen  
Dagleg leiar



## INDIREKTE KONTANTSTRAUM

### TUSSA INSTALLASJON AS

	Note	2023	2022
<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR</b>			
Resultat før skattekostnad		13 844 877	10 958 793
Betalt skatt i perioden		-2 832 063	0
Tap/vinst ved sal av anleggsmiddel		-14 000	-5 250
Ordinære avskrivningar	7, 8	4 931 267	3 487 688
Endring i varelager		-719 515	-1 189 391
+/- Endring i kundefordringar og opptent inntekt		-9 845 930	-7 859 264
Endring i leverandørgjeld		-7 889 707	-1 094 542
Forsk. kostnadsført pensjon og inn-/utbet. i pensjonsordn.		-113 684	-40 579
Endring i andre tidsavgrensingspostar		-1 905 357	-3 219 851
<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>		<b>-4 544 111</b>	<b>1 037 603</b>
<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>			
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar		1 964 000	5 250
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	7, 8	-3 917 378	-19 877 847
Utbetalningar ved kjøp av aksjar og partar i andre føretak	13	0	1 001 484
<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>		<b>-1 953 378</b>	<b>-20 874 081</b>
<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>			
Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	14	20 030 004	0
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld		-3 042 928	0
+/- Netto endring i konsernmellomverande	17	-12 218 687	20 913 159
Utbetalningar av konsernbidrag	14	0	-1 241 086
<b>Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>		<b>4 768 389</b>	<b>19 672 073</b>
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		-1 729 099	-164 405
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved byrjinga av per.		2 684 965	2 849 370
Kontantar frå fusjon		2 122 505	0
<b>Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved slutten av per.</b>	<b>17</b>	<b>3 078 371</b>	<b>2 684 965</b>



## NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2023

### NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

#### KONSOLIDERING

Tussa Installasjon AS er eit 100 % eigd dotterselskap av Tussa Kraft AS, som har forretningskontor i Ørsta kommune, og vert konsolidert inn i deira konsernrekneskap, saman med eventuelle dotter- og tilknytte selskap. Det vert ikkje utarbeida eige konsernrekneskap for Tussa Installasjon AS. Konsernrekneskapen er tilgjengeleg på [www.tussa.no](http://www.tussa.no).

#### DOTTERSELSKAP OG TILKNYTT SELSKAP

Dotterselskap og tilknytte selskap blir vurderte etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Investeringa er vurdert til innkjøpskostnad for aksjane, med mindre nedskrivning har vore nødvendig. Det er gjort nedskrivning til verkeleg verdi når verdifall skriv seg frå årsaker som ikkje kan ventast å vere forbigåande, og når ein må rekne det som nødvendig etter god rekneskapsskikk. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget ikkje lenger er til stades.

Utbytte, konsernbidrag og andre utdelingar frå dotterselskap er inntektsførte same året som det er sett av i rekneskapen til gjevaren. Dersom utbyttet/konsernbidraget overstig den delen av resultatet som er tent opp etter innkjøpstidspunktet, utgjer den overskytande delen tilbakebetaling av investert kapital. I utdelingane er det gjort fråtrekk for investeringsverdien i balansen til morselskapet.

#### BRUK AV ESTIMAT

Når årsrekneskapen blir utarbeidd, blir det brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetjinga av egedelar og gjeld, i tillegg til usikre egedelar og forpliktingar på balansedagen i samsvar med god rekneskapsskikk. Område som i stor grad inneheld slike skjønnsvurderingar, høg grad av kompleksitet eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er skildra i notane.

#### VALUTA

Transaksjonar i utanlandsk valuta blir rekna om til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta blir rekna om til norske kroner ved at ein nyttar kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som blir målte til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, blir rekna om til norske kroner ved å nytte valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som blir målte til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, blir rekna om til valutakursen som blei fastsett på måletidspunktet. Valutakursendringar blir resultatførte kontinuerleg i rekneskapsperioden under andre finanspostar.

#### INNETEKTER

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir leverte. Inntekter frå sal av tenester og langsiktige tilverkjingsprosjekt (anleggskontraktar) resultatførte i takt med fullføringsgraden i prosjektet, når ein kan estimere utfallet av transaksjonen på ein påliteleg måte. Når utfallet av transaksjonen ikkje kan estimerast påliteleg, vil berre inntekter som svarar til oppsamla prosjektkostnader, bli inntektsførte. I den perioden det blir identifisert at eit prosjekt vil gje eit negativt resultat, vil heile det estimerte tapet på kontrakten bli resultatført.

#### KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Anleggsmidlar omfattar egedelar som er sette av til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskostnad, med fråtrekk for avskrivningar og nedskrivningar. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på transaksjonstidspunktet.



Varige driftsmidler blir balanseførte og skrivne av over den økonomiske levetida deira. Vesentlege driftsmidler som omfattar fleire større komponentar med ulik levetid, er dekomponerte med ulik avskrivningstid for dei ulike komponentane. Direkte vedlikehald av driftsmidler blir kostnadsført kontinuerleg under driftskostnader, medan påkostnader eller betringar blir lagde til kostprisen på driftsmidlane og avskrivne i takt med driftsmidlane. Varige driftsmidler blir nedskrivne til beløpet som kan vinnast att ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigåande. Beløpet som kan vinnast att, er det høgste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar som er knytte til eigedelen. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på transaksjonstidspunktet.

Utgifter til forskning og utvikling blir balanseførte når ein kan identifisere ein framtidig økonomisk fordel som heng saman med utviklinga av ein identifiserbar immateriell eigedel, og når innkjøpskostnaden kan målást på ein påliteleg måte. I motsett fall blir slike utgifter kostnadsførte kontinuerleg. Balanseført forskning og utvikling blir skrivne av lineært over økonomisk levetid.

#### **VARER**

Varer er vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og netto salsverdi. Netto salsverdi er estimert salspris ved ordinær drift etter frådrag for utrekna nødvendige utgifter for gjennomføring av salet. Innkjøpskostnad baserer seg på gjennomsnittskostnaden av varekjøpa.

#### **FORDRINGAR**

Kundefordringar og andre fordringar blir førte opp til pålydande verdi etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. For andre kundefordringar blir det gjort ei spesifisert avsetning for å dekkje forventta tap på krav.

#### **PENSJONAR – INNSKOTSBASERT ORDNING**

Kostnaden til innskotsbasert pensjonsordning samsvarar med premien til forsikringsselskapet i perioden.

#### **OPPSTILLING AV KONTANTSTRAUM**

Oppstillinga av kontantstraumen er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

#### **SKATT**

Skattekostnaden i resultatrekneskapsåret omfattar både skatten som skal betalast i perioden, og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskaps- og skatteverdiene, og underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte. Netto utsett skattefordel blir balanseført dersom det er truleg at denne kan bli utnytta.

## **NOTE 2 ENKELTRANSASJONAR**

Tussa Installasjon AS har i 2023 fusjonert med dotterselskapet Stryn Elektro AS (orgnr. 957667139).



## NOTE 3 VARER OG ANLEGGSKONTRAKTER

	2023	2022
Handelsvarer/installasjonsmateriell	9 553 460	6 804 945
Ukurans	-200 000	-100 000
<b>Sum netto varelager</b>	<b>9 353 460</b>	<b>6 704 945</b>
Varekostnad totalt i perioden	58 659 059	60 575 820
Balanseført verdi av varelager stilt som sikkerheit	0	0
<b>Varekostnad</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Innkjøp av varer	59 378 574	61 765 211
Endring i varelager	-719 515	-1 189 391
	<b>58 659 059</b>	<b>60 575 820</b>

Anleggskontrakter er vurdert etter prinsippet for løpande avrekning. Fullføringsgrada er basert på forholdet mellom påløpt kontraktskostnad på balansedagen og estimerte totale kontraktskostnader. Opptente, ikkje fakturert inntekt på anleggskontrakter per 31.12.2023 er kr. 5 492 303.

	2023	2022
Utfakturert til kundar pr. 31.12.	18 182 496	29 095 288
Del fortjeneste	3 593 810	2 091 763
Utført produksjon	20 080 989	31 104 103
Opptent inntekt/(fakt., ikkje opptent innt.)	5 492 303	4 100 578

## NOTE 4 TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE PARTAR

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 5, og mellomverande med konsernselskapa er omtalt i note 14.

Selskapet sine transaksjonar med nærstående partar:

	2023	2022
<b>Sal av varer og tenester</b>		
<b>Varer</b>		
- Konsernselskap	0	0
<b>Tenester</b>		
- Konsernselskap	15 781 680	27 084 167
- Andre nærstående selskap	609 593	475 002
<b>Sum sal av varer og tenester</b>	<b>16 391 273</b>	<b>27 559 169</b>

	2023	2022
<b>Kjøp av varer og tenester</b>		
<b>Varer</b>		
- Konsernselskap	0	0
<b>Tenester</b>		
- Konsernselskap	9 254 380	7 619 743
- Andre nærstående selskap	9 230	6 482



Sum kjøp av varer og tenester	9 263 610	7 626 225
-------------------------------	-----------	-----------

Renter	2023	2022
Rentekostnad til konsernselskap	1 798 422	1 281 137

Tussa Installasjon AS har per 31.12.2023 eit langsiktig lån på 40,0 mill. kr frå Tussa Kraft AS. Rentesats på lånet per 31.12.2023 er 3,7 %.

## NOTE 5 LØNSKOSTNADER OG YTINGAR, GODTGJERINGAR TIL DAGLEG LEIAR, STYRET OG REVISOR

Lønskostnader	2023	2022
Løningar	71 851 256	65 052 617
Arbeidsgjevaravgift	11 655 239	9 719 106
Pensjonskostnader	4 814 007	4 298 314
Aktivert lønnskostnad	-950 995	0
Anna personalkostnad	145 561	4 095 286
<b>Sum</b>	<b>87 515 069</b>	<b>83 165 322</b>

Selskapet har i 2023 sysselsett 107 årsverk.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	1 367 441	49 167
Pensjonskostnader	122 170	0
Anna godtgjering	16 394	0
<b>Sum</b>	<b>1 506 005</b>	<b>49 167</b>

Dagleg leiar har personleg pensjonsavtale med arbeidsgjevar for lønn utover 12 G. Utover dette har verken dagleg leiar eller styreleiar avtalar som forpliktar selskapet ved opphøyr eller endring av tilsetjingstilhøve eller verv.

### REVISOR

Godtgjersle til revisor (ekskl. mva) fordeler seg på følgande måte:

Tenestetype	2023	2022
Lovpålagt revisjon	292 700	191 012
Skatterådgivning	3 800	0
Andre tenester utanfor revisjonen	24 133	0
<b>Totalt</b>	<b>320 633</b>	<b>191 012</b>



## NOTE 6 PENSJON

Tussa Installasjon AS har innskotsplanar i samsvar med lov om innskuddspensjon. Innskotsplanen omfattar alle tilsette. Sparinga utgjorde i perioden 01.01.2023 - 31.12.2023 7 % av løn mellom 0 og 12 G. Av desse var 5 % betalt av arbeidsgjevar, medan 2 % var betalt av dei tilsette (delfinansiering). Per 31.12.2023 var det 121 medlemmer i ordninga.

I tillegg er det avtale om supplerande pensjon for 1 tilsett i selskapet. Selskapet si pensjonsplikt er ført opp i balansen med tilsvarande beløp som selskapet sitt fondsinnskott. Fondsinnskottet er presentert under pensjonsmidlar.

Kostnadsført pensjon utgjorde NOK 4 814 007 i 2023 mot NOK 4 298 314 i 2022.

## NOTE 7 IMMATERIELLE EIGEDELAR

	Datasytem	Goodwill	Sum
Kostpris pr. 01.01.2023	1 323 484	11 519 207	12 842 691
Tilgang kjøpte immatrielle egedelar	0	0	0
Tilgang ved fusjon		9 133 677	
<b>Kostpris pr. 31.12.2023</b>	<b>1 323 484</b>	<b>20 652 884</b>	<b>21 976 368</b>
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2023	1 323 484	7 076 816	8 400 300
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2023	0		0
<b>Bokført verdi per 31.12.2023</b>	<b>0</b>	<b>13 576 068</b>	<b>13 576 068</b>
Avskrivningar i år	0	2 066 426	2 066 426
Nedskrivningar i år	0	0	0
Avskrivningstid	3-5 år	10 år	

Goodwill oppsto som følge av mor-datterfusjon med Kvalsvik Elektro AS som overdragande selskap. Kvalsvik Elektro AS vart i 2019 kjøpt for 12 mill., der hovuddelen av verdien var knytt til framtidig inntening. Ved fusjonen seinare same år vart 11,5 mill. sett på som goodwill.

Mor-datter-fusjonen med Stryn Elektro AS vart gjennomført til konsernkontinuitet, der resterande goodwill på konsernnivå vart flytta ned og vidareført på selskapsnivå. Opprinneleg verdi av denne var 9,1 mill.

Avskrivningstid er sett til 10 år basert på forventningar om å halde fram dei gode resultatata som har vore i selskapa tidligare. Det er ikkje indikatorar som tyder på at forventningane ikkje vert innfridd pr 31.12.2023.



## NOTE 8 VARIGE DRIFTSMIDDEL

	Bygninger og eigedommar	Transp., inventar, utstyr	Sum varige driftsmidlar
Kostpris pr. 01.01.2023	14 949 986	29 145 135	44 095 121
Kostpris tilgang ved fusjon		1 467 699	
Tilgang kjøpte driftsmidlar	17 009 695	2 406 993	19 416 688
Utrangering/korreksjon	-412 142	-1 128 504	-1 540 646
<b>Kostpris 31.12.2023</b>	<b>31 547 539</b>	<b>31 891 323</b>	<b>63 438 862</b>
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2023	5 524 144	19 960 958	25 485 101
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2023	0	132 262	132 262
<b>Bokført verdi per 31.12.2023</b>	<b>26 023 395</b>	<b>11 798 103</b>	<b>37 821 499</b>
Avskrivningar i år	669 566	2 195 275	2 864 841
Nedskrivning i år		0	
Avskrivningstype	Ingen/lineær	Ingen/Lineær	
Økonomisk levetid	20 år - evig	3 år - 10 år	

Per 31.12.2023 er det bokført kr. 746 655 som anlegg under utførelse. Anlegg vert aktivert etter kvart som dei vert sett i drift.



## NOTE 9 KUNDEFORDRINGAR

	2023	2022
Kundefordringar til pålydande	36 258 413	32 320 316
Avsetning til tap	1 400 000	500 000
<b>Balansført verdi av kundefordringar 31.12</b>	<b>34 858 413</b>	<b>31 820 316</b>
Endring i avsetning til tap	900 000	0
Realiserte tap	272 731	90 830
Innbetalt på tidligare tap	-46 585	0
<b>Sum resultatførte tap på krav</b>	<b>1 126 145</b>	<b>90 830</b>

Årets avsetnad til tap er eit estimat basert på historiske data og uteståande per 31.12.2023.

Kostnadsført tap er klassifisert som annan driftskostnad i rekneskapen.

## NOTE 10 POSTAR SOM ER SLÅTT SAMAN I REKNEKAPEN

<b>Finansinntekter</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Aksjeutbytte	39 120	0
Anna renteinntekt	607	37 249
Anna finansinntekt	99 732	1 144
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>139 459</b>	<b>38 393</b>
<b>Finanskostnader</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Annan rentekostnad	4 168	2 065
Annan finanskostnad	1 651	988
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>5 819</b>	<b>3 053</b>
<b>Sum finanspostar</b>	<b>133 640</b>	<b>35 340</b>

## NOTE 11 SKATT

<b>Skattekostnad dette året</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Resultatført skatt:		
Skatt som skal betalast	2 932 765	2 614 166
Endring i utsett skattefordel	2 459 153	-389 632
<b>Skattekostnad</b>	<b>5 391 918</b>	<b>2 224 534</b>
Skattepliktig inntekt:		
Resultat før skatt	13 844 877	10 958 793
Permanente skilnader	341 978	304 645
Endring i mellombelse skilnader	-856 106	619 135
<b>Skattepliktig inntekt</b>	<b>13 330 749</b>	<b>11 882 572</b>
Skatt i balansen som skal betalast:		
Skatt på resultatet dette året som skal betalast	2 932 765	2 614 166
Skattefunn	-46 179	0
<b>Sum skatt i balansen som skal betalast</b>	<b>2 886 586</b>	<b>2 614 166</b>



<b>Avstemming av årets skattekostnad</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Resultat før skatt	13 844 877	10 958 793
Berekna skatt 22%	3 045 873	2 410 934
Skattekostnad i resultatregneskapet	5 391 918	2 224 534
<b>Differanse</b>	<b>2 346 045</b>	<b>-186 400</b>
<i>Differansen kjem av følgende:</i>		
Skatteeffekt av permanente forskjellar	75 235	67 022
Endring ikke balanseført utsatt skattefordel	2 018 663	-253 423
Andre forskjeller	252 147	0
<b>Sum forklart differanse</b>	<b>2 346 045</b>	<b>-186 401</b>

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader

	<b>2023</b>	<b>2022</b>	<b>Endring</b>
Varige driftsmiddel	17 984 591	19 102 803	1 118 213
Tilvirkningskontraktar	7 242 536	6 330 075	-912 461
Varebeholdning	-200 000	-1 027 000	-827 000
Fordringar	-1 276 509	-587 451	689 058
Vinst- og tapskonto	-40 000	0	40 000
Avsettingar mv	-1 145 089	-1 995 322	-850 232
Pensjonspremie/- forplikting	113 968	284	-113 684
Andre skilnader	-11 519 207	-11 519 207	0
<b>Sum</b>	<b>11 160 289</b>	<b>10 304 182</b>	<b>-856 106</b>
Inngår ikkje i utrekninga av utsett skatt	-2 056 861	-11 232 601	-9 175 740
<b>Grunnlag for utsett skatt</b>	<b>9 103 428</b>	<b>-928 419</b>	<b>-10 031 846</b>
<b>Utsett skatt (22 %)</b>	<b>2 002 754</b>	<b>-204 252</b>	<b>-2 207 006</b>



## NOTE 12 EIGENKAPITAL

	Aksjekapital	Overkurs	Annan Innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Per. 31.12.2022	640 000	1 512 000	8 096 050	23 897 368	34 145 418
Andre endringar				-41 734	-41 734
<b>Per 01.01.2023</b>	<b>640 000</b>	<b>1 512 000</b>	<b>8 096 050</b>	<b>23 855 634</b>	<b>34 103 684</b>
Årets resultat				8 452 959	8 452 959
<b>Per 31.12.2023</b>	<b>640 000</b>	<b>1 512 000</b>	<b>8 096 050</b>	<b>32 308 593</b>	<b>42 556 643</b>

## NOTE 13 DOTTERSELSKAP

Tussa Installasjon AS eig 100 % av aksjane i Rud Elektro AS. Rud Elektro AS har forretningskontor i Ørsta. Årsresultatet for perioden 01.01-31.12.2023 var på kr. 0. Balanseført eigenkapital var per 31.12.2023 kr. 27 894. Bokført verdi i balansen til Tussa Installasjon AS er kr. 30 000

Tussa Installasjon AS eig 100 % av aksjane i Kvalsvik Elektro AS. Kvalsvik Elektro AS har forretningskontor i Ørsta. Årsresultatet for perioden 01.01-31.12.2023 var på kr. 0. Balanseført eigenkapital var per 31.12.2023 kr. 30 000. Bokført verdi i balansen til Tussa Installasjon AS er kr. 30 000

Tussa Installasjon AS eigde ved inngangen av året 100 % av aksjane i Stryn Elektro AS. Det vart gjennomført ein mor-datter-fusjon i mai 2023, med rekneskapsmessig verknad 1.1.2023.

Elektrotunet AS var ved inngangen av året eigd av Stryn Elektro AS, men er etter fusjonen 100 % eigd av Tussa Installasjon AS. Elektrotunet har forretningskontor i Stryn. Årsresultatet for perioden 01.01-31.12.2023 var på kr 170 188. Balanseført eigenkapital var per 31.12.2023 kr 2 175 442. Bokført verdi i balansen til Tussa Installasjon er kr 3 317 631,-.

Tussa Installasjon AS stifta i 1.5.2023 eit nytt selskap med namn Stryn Elektro AS. Balanseført eigenkapital per 31.12.2023 var kr. 30 000. Bokført verdi i balansen til Tussa Installasjon AS er kr. 35 570

## NOTE 14 MELLOMVÆRE MED SELSKAP I SAME KONSERN

	2023	2022
<b>Fordringar</b>		
Kundefordringar innanfor konsern	1 628 089	1 926 485
Andre kortsiktige fordringar konsern	0	0
<b>Sum</b>	<b>1 628 089</b>	<b>1 926 485</b>
<b>Gjeld</b>		
Lån frå føretak i same konsern	40 087 908	20 057 904
Leverandørgjeld innanfor konsern	125 338	92 361
Anna kortsiktig gjeld konsern	2 550 929	14 769 616
<b>Sum</b>	<b>42 764 175</b>	<b>34 919 881</b>



## NOTE 15 GARANTI- OG KAUSJONSANSVAR

Tussa Installasjon AS er saman med dei andre heileigde dotterselskapa i konsernet solidarisk ansvarleg for uteståande på kassakreditten i fleirkontosystemet med eit beløp på inntil MNOK 50.

Nordea Bank Norge ASA har per 31.12.2023 stilt leverandørgarantiar på vegne av Tussa Installasjon AS på tilsaman NOK 3 067 613.

## NOTE 16 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Drifta av selskapet omfattar ei rekkje prosjekt. Det er stor variasjon i prosjekta når det gjeld kompleksitet, storleik, lengd og risiko. Prosjektsamansetninga påverkar risikobiletet i verksemda.

### RENTERISIKO

Renteavkastning av innskot er påverka av rentenivå. Midlane er plasserte til flytande rente.

### KREDITTRISIKO

Selskapet har kredittrisiko i samband med fordringar på kundar. Risikoen for at motparten ikkje har økonomisk evne til å oppfylle forplikingane sine blir rekna som moderat. Det har historisk sett vore lite tap på fordringar.

### VALUTARISIKO

Valutaeksponeringa til selskapet er låg fordi inntekter og kostnader normalt er i same valuta. Det same gjeld for investering og finansiering.

### LIKVIDITETSRISIKO

Finansieringa av selskapet er basert på bankfinansiering gjennom konsernkontoordning i konsernet, kombinert med lån frå morselskapet og prosjektfinansiering.

## NOTE 17 BANKINNSKOT

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 3 009 912.

Tussa Installasjon AS sin kassakreditt er knytt opp mot konsernet sitt fleirkontosystem. Morselskapet Tussa Kraft AS er konsernkonto innehavar medan dotterselskapa er deltakarar i systemet.

Pr. 31.12.2023 trekkjer Tussa Installasjon AS kr 2 488 689 i fleirkontosystemet.

Innvilga kreditt for konsernet er 100 mill. kr.

Nytta kassakreditt for konsernet pr. 31.12.2023 er 3,2 mill. kr.



## NOTE 18 AKSJONÆRAR

AKSJEKAPITALEN I TUSSA INSTALLASJON AS PR. 31.12 ER SETT SAMAN AV:

	Antal	Pålydande	Bokført
Ordinære aksjar	640	1 000,00	640 000
<b>Sum</b>		<b>640</b>	<b>640 000</b>

### EIGARSTRUKTUR

Dei største aksjonærane i % pr. 31.12 var:

	Ordinære	Eigarandel	Stemmedel
Tussa Kraft AS	640	100,0	100,0
<b>Totalt antal aksjar</b>	<b>640</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>

## NOTE 19 FORDRINGAR OG GJELD

Tussa Installasjon AS har ingen fordringar med forfall seinare enn eitt år.

	2023	2022
<b>Langsiktig gjeld med forfall seinare enn om 5 år</b>		
Gjeld til konsernselskap	30 000 000	15 057 904
Anna langsiktig gjeld	1 145 089	1 975 322
<b>Sum</b>	<b>31 145 089</b>	<b>17 033 226</b>

Tussa Installasjon AS har ingen gjeld sikra med pant til kredittinstitusjonar.



Til generalforsamlinga i Tussa Installasjon AS

## Melding frå uavhengig revisor

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Tussa Installasjon AS som er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap og indirekte kontantstrøm for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvise bilet av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultat og kontantstrømane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvise bilet i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

PricewaterhouseCoopers AS, Langelandsvegen 35, NO-6010 Ålesund

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, [www.pwc.no](http://www.pwc.no)

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



#### Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerlene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgaver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Ålesund, 18. mars 2024  
**PricewaterhouseCoopers AS**

Terje Honningsvåg  
Statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)



 Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning 2023

**Signers:**

<b>Name</b>	<b>Method</b>	<b>Date</b>
Honningsvåg, Terje	BANKID	2024-03-18 18:10

**This document package contains:**

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.